



Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 20. april 2016

Stad: Ikornnes kyrkje kl. 20.00-21.00

Desse møtte: : Ina Grøvik, Irene Hørte Høibakk, Per Gunnar Ulla, Erlend Lunde, Elin Hellebostad Våtmyr.

Sak 11/16 Vitjing av biskop på 40 årsjubileum

Prosten spør om vi vil ha besøk av biskop i høve jubileet. Ja, takk seier vi og inviterer vi til festgudsteneste 11. februar 2018 i høve kyrkjedagane den helga 9.-11. februar.

Sak 7/16 Kyrkja 40 år.

Det er sett ned ein komité, leiar Roald Solheim, nestleiar Per Blakstad, fotoansvarleg Hallvard Sandvik, soknerådsrepr. Irene H Høibakk og medlem Oddveig Stave Moe. Dei tenkjer å lage eit festskrift. Soknerådet løyver kr. 10.000,- til dette prosjektet.

Sak 12/16 Diverse innkjøp.

Det trengs å skifte ut diverse utstyr på kjøkenet. Soknerådet innvilger kr. 15.000,-. Soknerådet vil vurdere kjølerom på sikt og avventer innkjøp av nytt kjøleskap.

Sak 13/16 Vannpost

Det ser ut til at enkelte av vannpostane nedenfor kyrkja er vel høge. Bed om at driftsleiar tek ein vurdering av det slik at det blir ordna.

Sak 14/16 Lyddemping

Soknerådet bed om at det vert montert lyddemping i taket i kjellaren.

Neste møte blir 1. juni kl. 20.00

Referent: Erlend Lunde